

Sitkagran – eit nytt treslag inntek byggjemarknaden!

Norsk Standard

For å kunne ta i bruk norsk [sitkagran](#) (picea sitchensis) som [konstruksjonsvirke](#), må denne vere godkjent etter Norsk Standard for konstruksjonsvirke. For å få denne godkjenninga har [Norsk Treteknisk Institutt](#) (NTI) dokumentert virkeseigenskapane hos norsk sitkagran, gjennom eit eige forskingsprosjekt i samarbeid med Skogeigarsamvirket på Vestlandet. Det blei samla inn tremateriale frå i alt 1440 tre frå Troms til Agder.

Visuell sortering av konstruksjonsvirke av sitkagran er handsama og godkjent i CEN (Europeisk standardiseringsorgan). Dermed kan dei som driv med visuell styrkesortering, til dømes gardssager, no lovleg skjere og selje konstruksjonslast av sitkagran i samsvar med Norsk Standard for konstruksjonsvirke. Det står att utrekning (og eventuell godkjenning) før dei som driv med maskinell styrkesortering, slik som til dømes Granvin Bruk, kan gjennomføre lovleg styrkesortering.

Noreg har no fått eit heilt nytt treslag å byggje med! Med 500 000 dekar tilplanta og til no 1,6 millionar kubikkmeter på rot har vi ein del å starte med!

Produksjonsevne og økonomisk avkastning

Produksjonsevna i undersøkte bestand av sitkagran på Vestlandet ligg stort sett mellom 2 og 3,3 m³ per dekar og år. Dette kjem fram i [Rapport 4/05](#) frå [Skogforsk](#), som presenterer vekstmodellar for sitkagran på Vestlandet. I snitt har sitkagran 30 % større tilvekst og produksjon per dekar enn det norsk gran har. På bakgrunn av kvalitet, bruksområde og prisar i andre land, vil truleg prisen på sitkagranvirke liggje på nivå med eller litt i underkant av prisen på norsk gran.

Når ein investerer i skogplanting eller legg til rette for forynging, er ein interessert i total avkastning over skogen si levetid (omløpstida) på innskoten kapital. [Vestskog BA](#) (tidlegare Skogeigarlaget Vest) har kome fram til følgjande forrenting av denne kapitalen:

- furu 1,5 %
- norsk gran 3,0 %
- sitkagran 3,5 %

Bruksområde

Ein jobbar no vidare i prosjektet med å sjå kva eigenskapar sitkagran har som kledning. Små pilotprosjekt med sitkagrankledning viser at denne har spennande eigenskapar. Det same ved bruk i fiberproduksjon (papir og cellulose) fordi sitkagran har ekstra lange fibrar (lenger enn andre norske treslag). På grunn av gode vridingseigenskapar blei 5-10 % av sitkagranvirket i Canada og USA tidlegare brukt til flyfabrikasjonar.